

Ville bisonar

Europeisk bison lever i skogen i Aust-Europa. Han kan vege mellom 290 og 900 kg og er det tyngste landdyret i Europa. Europeisk bison er eit flokkdyr som lever av urter, gras og kvistar. Arten er truga av utrydding. For 2000 år sidan fanst han i mesteparten av Europa. I 1927 blei verdans siste viltlevande bison drepen. Heldigvis fanst det 54 av dei i dyrehagar, og dei ca. 1800 ville bisonane vi har i dag, stammar frå nokre av desse. I dag blir det drive eit stort arbeid for å ta vare på arten.